



Saksframlegg

Saknr:	Utval:	Dato
	Levekårsutvalet	

Sakshandsamar:	Kultur- og aktivitetseininga	Eileen M Feste
	Arkivnr.: 16/15	Klassering:

RAMMER FOR KULTURMIDLAR 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret har løyvd kr 2.037.600 til kulturmidlar for 2016. Midlane vert fordelt på følgjande kategori

Kategori	Ramme 2016
Idrett	715.200
Kunstformidling/musikk	512.700
Barn og ungdom	327.500
Andre aktivitetstilbod	228.400
Kulturvern og samlingar	203.800
<i>Avsette midlar hausten 2016 (aktivitets- og prosjekttilskot)</i>	<i>50.000</i>
Totalt	2.037.600

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Dei kommunale kulturmidlane har som målsetting å styrkje fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet. Gjennom støtte til det lokale kulturliv ønskjer Lindås kommune å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid og eit aktivt kulturliv med mangfald samt å gje alle høve til å oppleve kunst og kultur.

Levekårsutvalet skal avgjere ramma for tildeling av kulturmidlar for 2016 for kategoriane

1. Idrett
2. Kunstformidling & musikk
3. Barn- og ungdom
4. Andre aktivitetstilbod
5. Kulturvern

Levekårutvalet skal også avgjere midlar som vert avsett til tildeling hausten 2016 – aktivitets- og prosjekttilskot.

Saka har vore til uttale i Lindås kulturråd og Lindås idrettsråd.

I svarbrev frå Lindås idrettsråd datert 14. januar 2016, har kulturrådet fleire innspel;

- *For å få kulturmidlar må laget vere registrert i Frivilligregisteret*
- *Kulturmidlar må gå til lag som gjev noko tilbake til samfunnet. Hobbyklubar og vaksenaktivitet som har som føremål å ha det kjekt saman, ...kvalifiserer ikkje. Det må takast opp til vurdering om aktivitetane kristent arbeid, pensjonistlag, velforeningar, helse relaterte lag, hobbyrelaterte aktivitetar mm skal kunne motta kulturmidlar på fast basis.*
- *Det bør ikkje kome meir enn ein søknad frå kvart lag.*
- *Det må verta meir heilskap i vurderinga på kva kategori søknadar kjem inn under.*
- *Prioritere barn/ungdom*
- *Tilbakemelding på bruk av midlar*

Lindås idrettsråd skriv i sitt svarbrev datert 02.02.16;

Lindås Idrettsråd har de siste åra sendt inn forslag til endring av tildeling av kulturmidlar for idretten, utan at vi har sett at saka på nokon måte er tatt opp til behandling. I hovudsak ønskjer ikkje vi at det skal ligge til grunne fleire søknader til ulike tiltak, men at heile potten til idretten skal tildelast som driftstilskot og laga/klubbane v/styra sjølv vel kva måte ein vil nytta kulturmidlane.

Det er og heilt unødvendig at laga/klubbane må søkje, då dette er ei tildeling basert på medlemstall og alt dette finn kultureininga sjølv for tildeling til våre medlemslag.

Lindås Idrettsråd ber kultureininga til å fornekle prosessane og spare frivilligheten for alt som er unødvendig meirarbeid og legge til rette for enkel saksbehandling, Lindås Idrettsråd vil sjølv sagt stille seg disponibel som før ved grunnlag for tildeling.

Lindås Idrettsråd hadde totalt 4004 medlemmer basert på siste års søknader der 2014 var grunnlaget.

Lindås Idrettsråd har og vil ta saka angående endring av tildeling av kulturmidlar for idretten opp ifm. vår samarbeidsavtale med Lindås kommune. Dykk vil da få saka sendt over frå kontaktperson i Lindås kommune for vår samarbeidsavtale.

Vurdering

Lindås kulturråd ønskjer å spissa kulturmidlane i større grad enn i dag. Dette er eit politisk spørsmål, men det kan nemnast at eit av måla med kulturmidlane er å bidra til «*eit aktivt kulturliv med mangfald samt å gje alle høve til å oppleve kunst og kultur.*» Barn og unge er ei prioritert gruppe, noko som speglar seg i støtte til m.a. idrettslag og skulekorps, i tillegg til den aktivitet som kjem fram i kategori barn/unge.

I eit folkehelse perspektiv er det viktig å støtta aktivitet i heile befolkninga.

Eksisterande praksis synar at løyvingane til lag/organisasjonar er differensiert i forhold til aldersgruppa +/- 19 år, i tråd med mål om å satse på barn/unge.

Nokre av innspela frå kulturrådet og frå Lindås idrettsråd vil ha konsekvensar for retningslina med kriteria og målsetjing for tildeling av kulturmidlar (vedteke av Levekårsutvalet 21.01.14 sak 08/14) vil måtte endras. Utfrå Kulturrådets innspel, vil t.d. velforeningar og hobbyrelaterte lag ikkje kvalifisere til kulturmidlar.

Lindås idrettsråd føreslår at ein tek bort kategori aktivitet- og prosjekttilskot samt investeringstilskot, og gir ein utvida tilskot til drift, som laget sjølv disponerer slik dei finn mest tenleg for drifta.

Eventuelle endringar i retningslina for kulturmidlar må opp til politisk handsaming.

Ramme for kulturmidlar har vore uendra dei siste 5 åra. I Kulturplan for 2010-2020 (rullert 2015) heiter det

«...Lindås kommune skal auka ramma for den økonomiske tilskotsordninga til lag/organisasjonar...»

Frist for å søkje kulturmidlar er 15. mars. Dette er hovudtildelinga. Da kan lag/organisasjonar søkje midlar til

1. drift
2. aktivitets/prosjekttilskot
3. investeringstilskot

Frist for hausttildelinga er 01. september. Då kan lag/organisasjonar søkje

1. aktivitets/prosjekttilskot

Størsteparten av kulturmidlane går til drift av lag/organisasjonar. Kulturmidlane skal kun vere eit tilskot til finansiering. Ein kan ikkje pårekna fullfinansiering av drift/aktivitet eller investering.

Tideling 2015

Kategori	Søknadssum totalt 2015	Ramme 2015	% andel
Idrett	1.847.370 (32%)	715.200	35%
Kunstformidling/musikk	1.209.105 (21%)	512.700	25%
Barn og ungdom	1.086.750 (19%)	297.500	14%
Kulturvern og samlingar	430.000 (8%)	272.400	13%
Andre aktivitetstilbod	1.086.000 (19%)	189.800	9%
Avsette midlar hausten 2016 (aktivitets- og prosjekttilskot)		50.000	4%
Totalt	5.659.225	2.037.600	100

Tabellen syna totalsum det vert søkt om i 2015 = kr 5.659.225. Angitt prosent i parentes syna prosentmessig del av søknadsmassen. Vidare syna tabellen ramme for tildeling 2015.

Som det går fram av statistikken, vert 35% av tildelte midlar til idrett. I 2015 vart det avsett minst pengar til kategori «Andre aktivitetstilbod» - kr 189.800. I denne kategori finn ein mange lag som ikkje fell naturleg inn i dei andre kategoriane som t.d. velforening, grendehus, kulturråd. Det finns mange forsamlingshus kring i kommunen. Mange av desse er frå 40-50 talet. Utfrå søknadar dei siste

åra kan ein sjå at det er eit stort behov for rehabilitering av lokalane som t.d. sanitæranlegg, kjøkken, tak osv. Dette er store økonomiske løft for mange lag.

Kulturvern og samlingar er ei kategori der ein får få søknadar. Levekårsutvalet kan difor vurdere å redusere denne posten frå 13% til 10% av ramma og nytta kr 68.600 som vert frigjort, til å styrkje kategori «Barn & unge» med kr 30.000 og kategori «Andre aktivitetstilbod» med kr 38.600. Ei auke i kategori «Barn og unge» vil vere i tråd med forslag frå Lindås kulturråd.

Det er viktig at lag/organisasjonar i Lindås tek i bruk «Tilskotsportalen» som verktøy for å søkje eksterne midlar. Dette er eit tilbod som Lindås kommune gjer tilgjengeleg for lag/organisasjonar registrert i Lindås kommune. Tilbodet er gratis å nytte. Her finn ein ei oversikt over ulike tilskotsordningar. Fleire lag i Lindås kommune har nytta seg av tilbodet og sikra midlar til si foreining.

.....

Vedlagte saksdokument:

Kulturrådet - uttale fordeling av rammar kulturmidlar 2016	94918	26.01.2016
Kulturmidlar 2016 svarbrev til kultureininga (3)	96378	03.02.2016

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost